



EVIG: Han står lenger enn skigarden, men også muren treng reparasjon og vedlikehold. På Averøy i Møre og Romsdal skal muren ved Bremnes gard og kyrkjeområde restaurert under seminaret i regi av «Bredablikk – forum for kulturarv og forvaltning av verdiar».

FOTO: RAGNAR ORTEN LIE

KULTURMINNE

Ein steingard kan vare evig

Berre du får reparert han og halde han i stand, så står han for alltid.

– I Noreg er murbygging ein like gammal aktivitet som jordbruk, seier landskapsarkitekt Mette Eggen.

Dei har skjerma for innsyn, halde dyra på avstand og vegen på plass. Kunstferdige og dekorative. Nyttige og arbeidskrevjande har dei gitt jordbrukslandskapet karakter og hagane ei avgrensing.

Stein

Eit par månader ut i Kulturminneåret dukkar det opp eit seminar om steingard og hagemur. Lokalisert til Bremnes gård og kyrkjeområde på Averøy i Møre og Romsdal blir det formidling, kursing og restaurering av steingardar og hagemur. Her blir handverket, historia, nytta, tradisjonen og utfordringane som murane representerer formidla.

Landskapsarkitekt Mette Eggen ved Riksantikvaren skal delta.

– Kvifor er muren eit kulturminne?

– Muren er eitt av dei mange fysiske spora etter det vi menneska har halde på med. Muren er dessutan eit viktig element i det å avgrense dei mange anlegga vi lagar oss. Det kan vere hagen, kyrkjegarden og støtte i terrenget. Ein av mange ting vi har skapt for å bruke landskapet på forskjellige måtar.

– Har det vore vanskeleg å få aksept for hage og mur som kulturminne på linje med bygningar?

– Eigentleg ikkje. Den kulturminnelova som vi har no er frå 1978. Ein paragraf her nemner hagar og parkar som døme på kulturminne frå nyare tid, og som det går an å frede. Sidan 1970-talet har det vore heilt greitt, men det er kanskje ikkje så langt framme i medvite og det er ikkje så mange hagar som er freda heller.

Nyare tid

På seminaret på Averøya skal Mette Eggen samtale med Espen

Martinsen som arbeider med restaurering av muren til Bremnes Gard og kyrkjeområde.

– Eg skal snakke om prinsippa for vedlikehold. Det er ikkje berre å rive ned ein mur, bygge om igjen og komme med ny stein. Det handlar om kva vi gjer det når vi står overfor er eit kulturminne som treng restaurering og korleis vi held ved like eit kulturminne.

– Og kvar går grensa for freding av mur?

– Det går ikkje grenser ved årstal. Vel, vi har eit viktig skilje: reformasjonen i 1536. Alt som er eldre enn det blir automatisk freda. Der er vi spesielle, vi legg stor vekt på middelalder. Alt etter det, i vårt språk, er nyare tid, ler Eggen og legg til:

– Det kan sjølvst sagt også vere freda sjølv om det er yngre, og då må ein følgje fredingsreglane.

Men ein mur må ikkje vere 500 år for å vere verdifull:

– Er det ein verdifull mur for deg, som far og mor sette opp, så kan ein like gjerne ha pietet overfor det. Det er staden og situasjonen sjølv som avgjer det. Eg vil seie at ein mur er eit kjempearbeid, som dei fleste vil ha respekt for, mest av den grunn. Og då

spelar det inga rolle kor gammal han er.

Bratt

Eggen snakkar med stigande entusiasme om murens verdi og seminaret på Averøy.

– Eg gler meg like mykje som dei andre, trur eg!

– Kor lenge har vi egentleg bygd mur i Noreg?

– I Noreg, som er ganske så bratt, har det vore nødvendig å lage støttemurar. Skal du ha ei flate å bygge på, treng ein mur. Dette går tilbake til då vi begynte å bli bufaste. Då begynte vi også å ha husdyr. Vi bygde gjerdar for å halde dei unna åkerlappar og for å leie dei ut til beite. Eg trur murbygging er like gammal som jordbruket i Noreg. Før det bygde vi fangstgjerdar. Å bygge mur er noko av det i har halde på med lengst. Så lenge vi har brødfødd oss sjølve.

– Det heiter seg at ein skigard ikkje kan vare evig, men ein steingard kan kanskje det?

– Ja, berre du får reparert han og halde han i fin stand, så kan han det, seier Eggen og legg til at ho er glad for seminaret. Det er

nettopp kompetansen knytt til handverket det er viktig å ta vare på. Å bygge og restaurere ein mur til dømes, kanskje treng vi fleire som kan det.

Møtestad

Sjur Harby står bak «Bredablikk – forum for kulturarv og forvaltning av verdiar» og har arrangert ei rekkje seminar om kulturminne. Ifølgje Harby er Bredablikk også ein uformell møtestad mellom offentleg forvaltning og menigmann.

Harby saknar likevel eit større engasjement og diskusjon rundt kulturminne i Noreg, særleg frå dei som jobbar profesjonelt innan kulturminnevern.

– Kven kjem på Bredablikk-seminara?

– Gardbrukarar, handverkarar og folk frå den private ålmenta som har behov for kunnskap og vil treffe andre som driv med det same. Her er landskapsarkitektar, hagalagsmedlemmer, høgskular og småskala-bedrifter som fell inn under kulturarven, seier Harby.

LAURA DJUPVIK

Laura.djupvik@nationen.no